

REGULERINGSFØRESEGNER FOR GOLFBANE I SVEIO.

§ 1. FØREMÅL

- 1.1 Kommuneplanen viser at området er avsett til golfbane.
- 1.2 Innafor det regulerte området skal arealbruken vera som vist på reguleringskartet, dagsett 15.04.98.

Arealet er regulert som følgjer:

BYGGJEOMRÅDE
TRAFIKKOMRÅDE
SPESIALOMRÅDE

§ 2. BYGGJEOMRÅDE

- 2.1 I byggjeområdet kan det førast opp klubbhus/forsamlingshus med tilhøyrande anlegg.
Det kan også førast opp kafe/restaurant.
- 2.2 Før byggjearbeida tek til skal det utarbeidast utbyggingsplan for området.

§ 3. TRAFIKKOMRÅDE

- 3.1 Køyrevegane skal til ei kvar tid vera opne for fri ferdsel.
- 3.2 Terrenget innafor siktlinjene skal til ei kvar tid vera rydda for hindringar høgare enn 0,5 meter over vegbanen.
I samband med framføring av vegar må det gjerast minst mogeleg inngrep i terrenget.
Evt. fyllingar må få ei god landskapspleie.

§ 4. SPESIALOMRÅDE

- 4.1 I spesialområde kan det leggjast golfanlegg med treningsbane og tilhøyrande anlegg.
- 4.2 I området kan det førast opp mindre bygningar som lager/redskapshus, varmastove etc.
- 4.3 Anlegget kan ikkje byggjast ut før det ligg føre utbyggingsplan (pbl. § 28-2) for anlegget som viser, treningsbane, putting og dei ulike banane med teestader, fairways, greenar, dammar, vannspeil og bunkerar.
Planen skal og visa gangstiar, utsiktspunkt etc.
I terrenget utanfor sjølve banane skal det ikkje gjerast inngrep i terrenget eller eksisterande vegetasjon.
- 4.4 Mindre endringar av bekkeløp og vatn kan gjerast der dette er nødvendig for utforming av banar eller for å gjera strandkanten sikrare.

Der det er nødvendig for banar eller stiar å kryssa vatn eller bekker, skal det lagast bruer.
Bekker skal ikkje leggast i røyr.

JD 1998004

- 4.5 Der det er banar eller stiar kan det hoggast skog og vegetasjon.
- 4.6 Dersom det er fornminne i området, skal desse liggja urørde. Dersom det blir funne fornminne i samband med bygginga, skal arbeidet stoppa og rette instansar skal varslast.
- 4.7 Jordlova skal framleis gjelda innanfor planområdet.

§ 5. FELLES FØRESEGNER

- 5.1 Området kan nyttast til rekreasjon, friluftsliv og andre aktivitetar som ikkje er til hinder for golfaktivitetane.
- 5.2 I krisesituasjonar kan det bli kravd at golfområdet blir tilbakeført til landbruksføremål.

....

Sveio, 15.04.98.
Rev. 11.11.98
Rev. 07.12.98, pkt. 4.7, jfr. K-sak 65/98.